



ESPENES OVE JOHAN  
Sæbøvegen 283  
5938 SÆBØVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Liv Astrid Nordheim Kusslid, 5764 3087

## Søknad om dispensasjon for søknadsfrist, Regionale miljøtilskot 2021, Ove Johan Espenes, Alver

Vi syner til søknaden din om dispensasjon av 20.10.21 med tilhøyrande oversending frå Alver kommune 08.11.21. Søknaden gjeld dispensasjon i høve til søknadsfristen for Regionale miljøtilskot i jordbruket 2021.

*Statsforvaltaren imøtekjem søknaden og gjev dispensasjon for søknadsfristen for Regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland søknadsomgangen 2021.*

### Bakgrunn

Søknadsfristen for Regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland var 15.oktober. Grunna tekniske problem med Landbruksdirektoratet sitt digitale søknadsskjema og feil i Altinn ang organisasjonsnummer, fekk du ikkje sendt inn søknaden innan fristen. Dette trass i fleire forsøk og dialog med og rettleiing frå kommunen. Du søker såleis om dispensasjon for søknadsfristen. Alver kommune tilrår i si oversending av søknaden vert imøtekomen.

### Regelverk

Søknaden skal handsamast etter *Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket*, Vestland med tilhøyrande praktiseringsrundskriv. I § 23 i forskrifta som gjeld administrasjon, dispensasjon og klage står det at Statsforvaltaren i særlege høve kan gje dispensasjon frå denne forskrifta.



### Vår vurdering

Først og fremst er det beklageleg at du har hatt utfordringar med å levera søknaden din grunna tekniske problem i fagsystemet og feilopplysningar i Altinn. Feilen du skildrar har diverre oppstått for einssilde søknadar i 2021, og feilen er såleis kjend i forvaltninga. Landbruksdirektoratet varsla statsforvaltarane om feilen i Altinn like før søknadsfristen. Det blei samstundes varsla at feilen diverre ikkje kunne løysast innan søknadsfristen. Vidare oppmoda Landbruksdirektoratet statsforvaltarane om å innvilga dispensasjon for søknadsfristen for dei som fekk utfordringar med denne feilen. Dette samsvarar med *rundskriv 2021/12 Regionalt miljøtilskudd i jordbruket – forvaltningsansvar og saksbehandling* kap.8 om dispensasjonar der det står at søkaren kan søka og få dispensasjon frå søknadsfristen dersom det ligg føre ei særskilt, forbigåande årsak som ligg utanfor søkar sin kontroll. Tekniske problem i fagsystemet som gjer at det ikkje er mogeleg å levera søknaden er konkret nemnt i rundskrivet som eit døme på gyldig grunn for å få innvilga dispensasjon. Søknaden din oppfyller såleis vilkåra for å få innvilga dispensasjon for søknadsfristen

### Vedtak

*Statsforvaltaren gjev med dette Ove Johan Espenes dispensasjon for søknadsfristen for Regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland 2021. Ny søknadsfrist vert sett til 10. januar 2022.*

### Klagerett

Vedtaket kan etter reglane i forvaltningslova klagast på innan klagefristen som er 3 veker etter at de har motteke dette brevet. Eventuell klage skal grunngjevast og stillast til Landbruksdirektoratet og sendast Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
ass.landbruksdirektør

Liv Astrid Nordheim Kusslid  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4 5906 FREKHAUG